



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	13.11.2008
Tid:	15:15 NB!

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 08/72	Underskrift	
PS 08/73	Godkjenning av protokoll OPEN POST	
PS 08/74	Leige av biblioteklokale	2007/756
PS 08/75	Uttale i høve evt godkjenning av Midsund Friskule	2008/508
PS 08/76	Søknad om permisjon fra verv	2008/578
PS 08/77	God helse programmet i Midsund - fornying av partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylke	2006/62
PS 08/78	Rullering handlingsplan - God Helse - idrett og fysisk aktivitet 2008	2008/573
PS 08/79	Normering av legetjenester ved Midsund Sykehjem	2008/356
PS 08/80	Gebyrregulativ for kart- og oppmålingsarbeid 2009	2008/558
PS 08/81	Gebyrregulativ for vatn og avløp 2009	2008/563
PS 08/82	Gebyrregulativ byggjesaksbehandling 2009	2008/571
PS 08/83	Gebyr for feieteneste 2009	2008/575
PS 08/84	Eigenbetaling for korttids plass og dag- eller nattopphald ved institusjonen -2009	2008/577
PS 08/85	Betaling for matombringning og kjøp av mat ved Midsund Sjukeheim - 2009	2008/579
PS 08/86	Tilsetting av rådmann i Midsund kommune	2008/496

Midsund, 06.11.08

Helge Orten
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 08/72 Underskrift

PS 08/73 Godkjenning av protokoll



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2007/756-12

Arkiv:

Saksbeh: Frank Westad

Dato: 06.11.2008

Saksframlegg

Leige av biblioteklokale

Utvalsak	Utval	Møtedato
	Ungdomsrådet	
08/29	Eldrerådet	10.11.2008
	Kommunalt råd for funksjonshemma	
08/74	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Det blir inngått ny avtale med Midsund Idrettslag om leige av areal i idrettshallen til bibliotekformål.

Rådmannen får fullmakt til å inngå leigekontrakten, herunder tidsrom.

Saksutgreiing:

Kommunestyret ønskjar at nytt folkebibliotek blir integrert i kommande sentralskole. Kommunestyret ga rådmannen i oppdrag å utrede ei mellombels løysning for bibliotek drift. Det som skulle bli utreda var:

- a) oppføring av tilbygg til Midsund skule
- b) gjennomføre forhandlingar med Midsund IL (MIL) om vidare leie av idrettshallen.

Vurdering

Rådmannen meiner at den beste løysinga for Midsund kommune er å fortsetje i noverande lokalar, men med redusert areal. Det er openbart at ei alternativ løysing med tilbygg til skulen vil bli dyrare, upraktisk og kanskje ikkje ei god estetisk løysing for skuleområdet. Dersom det blir framforhandla ei akseptabel løysing med MIL, ser rådmannen det slik at det ikkje er tenleg å utrede oppføring av tilbygg til Midsund skule. I Formannskapsmøtet den 4. dm, fekk rådmannen støtte for sitt syn.

Rådmann er opptatt av å finne løysingar som og er til gagn for lokale lag og foreiningar. Går ein inn på ei avtale om leige med MIL, er det og tenleg for MIL.

Leiearealet er nå på 300 kvadratmeter, til ein leige på kr 600 pr kvm pr år. Biblioteket greier seg fint med mindre areal.

Den 24. oktober var rådmannen og bibliotekaren i samtaler med Kåre Bjørnerem i idrettslaget. Ulike arealløysingar blei vurdert. MIL har behov for utvida lokalar til fitness.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Midsund kommune har motteke eit utkast til leigeareal. Arealet er no, etter ein nærare behovsavklaring hos partane, nede på 200 m², og dette er vurdert som tilstrekkeleg for eit tilfredsstillande bibliotektilbod. Leiga pr m²/år er kr 500,-. Leigekostnaden blir da årleg kr 100 000,-. Rådmannen legg til grunn at MIL dekker istandsetjing av utleigelokalet.

Rådmannen gjer merksam på at MIL skal ha styremøte i veke 46, der det blir tatt endeleg stilling til kontrakten.

Frank Westad
Konstituert rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta): Utkast til leigeavtale

Særutskrift går til: Midsund Idrettslag, 6475 Midsund



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/508-3

Arkiv: A06

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik

Dato: 04.11.2008

Saksframlegg

Uttale i høve godkjenning av Midsund Friskule

Utvalsak	Utval	Møtedato
	Ungdomsrådet	
08/75	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gjev uttale i saka i tråd med saksframlegg. Saksframlegget i si heile vert kommunen sin uttale som oversendast Utdanningsdirektoratet.

Saksutgreiing:

Utdanningsdirektoratet har i brev datert 18.september 08 bedt Midsund kommune om å gi uttale om etablering av Midsund Friskule med frist 1.desember 2008.

Midsund Friskule 13.04.08 søker godkjenning for skule med 1.-7. årstrinn, med totalt 60 elevar. Skulen ønskjer å drive si verksemd på grunnlag av godkjent pedagogisk retning, montessoripedagogikk, jfr privatskolelova § 2-1 andre ledd bokstav b.

Utdanningsdirektoratet viser til Ot.prop nr 37 (2006-2007) om lov om endringar i friskulelova i kapittel 8.4.1.1 at det ikkje skal føreligge ein rett til godkjenning og tilskot etter lova, og at vertskommunen framleis skal hørast før det treffast vedtak om godkjenning. Departementet foreslår at den skjønsmessige vurderinga bla bør byggje på *kva konsekvensar ei godkjenning får for den offentlege skulestrukturen, skulefaglege omsyn, behovet for skulen og budsjettmessige omsyn.*

Ved vurdering av kva konsekvensar ei godkjenning etter privatskolelova vil få for den offentlege skulestrukturen, vil kommunen sin uttale bli vektlagt. Utdanningsdirektoratet visar vidare til at i Innst. O nr 88 (2206-2007) om lov om endringar i friskulelova vert det sagt at kommunen si uttale ikkje skal vere avgjerande for om ein søknad godkjennast eller ei. *Departementet skal i si behandling kunne ta omsyn til den offentlege skulestrukturen, behovet for skulen og vurdere seriositeten til søkjaren.* Et avslag på søknad kan ikkje grunngjevast med budsjettssituasjonen.

Vurdering.

Midsund kommune finn det positivt at foreldre engasjerer seg med stort engasjement i borna si opplæring og oppvekstkår, og vil gje honnør for det engasjement foreldra i denne saka har vist. Når vi likevel finn å ikkje kunne støtte denne etableringa, er det grunngjeve i ulike moment tatt opp i det vidare som vi vurderer til å ha større tyngde.

Behovet for Midsund Friskule;

Midsund kommune er ein øykommune på totalt 94 km², der folket bur på øyene Dryna, Midøy, Otrøy, Magerøy og Tautra. Alle øyene nær som Tautra er bunde saman med bruer og molo, og frå enden av Otrøya til enden av Dryna er det 28,18 km (kommunen på langs).

Totalt folketal er 1900 innbyggjarar, der framskrivningstala frå SSB tyder på at kommunen vil ha følgjande barnetal i 2010, 2015 og 2025 i aldersgruppene 0 til 12 år;

	0-5 år	6-12 år	Totalt
2010	136	177	1876
2015	120	175	1823
2025	123	143	1756

Tidlegare skulestruktur har basert seg på lokalisering på 2 mindre grendaskuler på dei to hovud øyene. For å kompensere for lågare fødselstal på Midøya har elevar frå sentrum vore skyssa til Midøy og inngått i denne skulekrinsen.

Elevane som har gått på Midøy skule har i stor grad nytta buss for å kome dit, og dei fleste får tilnærma lik reiseavstand ved å nytte Raknes i staden for Midøy skule. Over mange år har elevtala ved Raknes vore høgare som følgje av at barnefamiliane i hovudsak har etablert seg utanfor Midøy skulekrins. Som følgje av meir etablering i sentrum i dei siste åra, ser dette ut til å kunne utlikne noko i åra som kjem, men desse borna må skyssast anten 9 km til Raknes eller 10 km til Midøy. Fødselstala på Midøy har ingen signifikant endring.

Frå hausten 2008 er det ikkje lengre tilbod om privat barnehage i den tidlegare skulebygninga. Drifta av denne sto foreldra for, men dei har over år slitt med rekruttering av born til barnehagen og valde no å avslutte sitt virke. Det er ikkje kome noko signal til kommunen på at dette var som følgje av endringar i skulestrukturen.

Skulebygget på Midøy og områda rundt fungerte, og fungerer og i dag som grendehus for folket som bur på øyane Midøy og Dryna. Ved oppstart av felles skule på Raknes gjennomførte kommunen utvida branntilsyn og fekk ny brannvurdering av Raknes skulebygg. Tilsynet førte til diverse pålegg om utbetringar og brannsikring som no vert gjennomførte.

Delar av bygningen ved Midøy skule har same alder som Raknes skule, og det vil vere rimeleg å tru at liknande pålegg og vil kome der om bygget tas i bruk igjen til skuleformål. Dette er kostnader Midsund Friskule må pårekne å dekkje.

Velforeininga har tatt kontakt med kommunen med sikte på å overta skulen og eigedommen til ein symbolsk kostnad for å sikre ålmenta sine interesser i bygget. Denne saka vil kome til politisk behandling i løpet av vinteren 08/ 09.

Midsund kommune ønskjer så snart som mogleg å starte arbeidet med å byggje ein ny felles barneskule for 1.-4. årstrinn lokalisert i kommunesenteret saman med sentralskulen for årstrinna 5.- 10.klasse. For å kome i økonomisk posisjon til dette, må drifta framover vere så rasjonell som mogleg, og totaløkonomien kome under kontroll.

Skulefaglege vurderingar:

Då Midsund kommunestyre gjorde vedtak om nedlegging av 1.-4. klasse ved Midøy skule og sfo, og overføring av elevane og tilsette til Raknes skule 3.4.08, var dette som eit av mange dramatiske tiltak for å redusere driftsutgiftene i kommunen som over år har hatt eit for høgt driftsnivå.

Vedlagt denne uttale ligg og saksframlegget til rådmannen ved nedlegging av Midøy skule. Av denne går kommunen sine pedagogiske, praktiske og økonomiske vurderingar fram. Desse vurderingane ligg til grunn for organiseringa, og fysiske og økonomiske dimensjoneringar ved oppstart av samla skule hausten 2008. Prinsippa vert og vidareført i økonomiplanlegginga framover.

Om Midsund Friskule vert godkjent, går det av søknaden deira fram at dei ønskjer i hovudsak å rekruttere frå dei yngste klassane. Nedanfor står oppdatert oversikt over elevtala i kommunen kommande 5 år. Tala som står under Midøy skule, er utvikling i elevtala av dei som tidlegare sokna til denne skulen, og kan seiast å vere primærmålgruppa til Midsund Friskule. Berre tala for Ny samla skule er oppdaterte per oktober 08, dei andre er frå saksframlegget i april.

	2008/2009	2009/2010	2010/2011	2011/2012	2012/2013
Midøy skule:					
1.klasse	10	20	9	7	8
2.klasse	9	10	20	9	7
3.klasse	15	9	10	20	9
4. klasse	9	15	9	10	20
Total Midøy skule:	43	54	48	46	44
Raknes skule:					
1.klasse	17	10	19	10	9
2.klasse	9	17	10	19	10
3.klasse	15	9	17	10	19
4. klasse	13	15	9	17	10
Total Raknes skule:	54	51	55	56	48
Samla skule:					
1.klasse	27	32	28	17	17
2.klasse	18	26	32	28	17
3.klasse	30	20	26	32	28
4. klasse	22	30	20	26	32
Total Samla Raknes skule	97	108	106	103	94

(Tabell 1)

(Per oktober 2008)

Som det går fram av tabellen vil ein reduksjon i elevtalet i 1.årstrinn frå hausten 2009 med 4 elevar føre til at gruppa som vert igjen i den offentlege skulen kjem under delingstalet, og med presset på den kommunale økonomien vil det vere vanskeleg å sjå at det kan setjast inn 2 pedagogar. Det same gjeld for 4.årstrinn. Er vi maksimalt uheldige, og Midsund Friskule rekrutterer dei 15 elevane som dei treng for å kunne starte vil ressursane i den offentlege skulen bli slik;

Årstrinn	Ved etabl. Friskule		Ein offentleg skule	
	Pedagog	Gruppestorleik	Pedagogar	Gruppestorleik
1.årstrinn	1	25 (-7)	2	2 * 16
2.årstrinn	1	22 (-4)	1,5 *	1,5 * 26
3.årstrinn	1	18 (-2)	1	1 * 20
4.årstrinn	1	28 (-2)	2	2 * 15
	4		6,5	

* Ressurs på 1,5 pedagogar for 2.klasse følgjer av kommunestyresaka i april, og ligg det grunn for vår planlegging framover. Kjem elevtalet under 26 vil kommunen og skulen sin totaløkonomi bli tatt omsyn til.

Moment som vart vurdert i samband med nedlegginga av Midøy skule var korleis ein betre kunne nytte dei ressursane ein har til undervisning. Midsund kommune har over år hatt eit høgare gjennomsnittstal for elevar med åtferds- og lærevanskar enn lands- og fylkesgjennomsnitt. Dette har medført at mange elevar med einskildvedtak i opplæringa og behov for ekstra ressursar.

Ved å samle elevane og dei tilsette på ein skule, har vi fått meir fleksibilitet i å tilpasse og nytte dei tilgjengelege ressursane i undervisninga av alle elevane. Ved ei avskalling av elevar til Midsund Friskule, slik at vi berre kan ha ein pedagog per årstrinn igjen, går heile denne fleksibiliteten tapt.

Bortfall av tenester til elevar som går over til Midsund Friskule:

Midsund kommune gjev følgjande tilbod i den offentlege skulen, og som det ikkje går fram av søknaden om Friskulen framleis vil gje. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje kan miste inntektene, og framleis ha utgiftene til desse tenestene.

- ✓ Alle elevar i den offentlege skulen er med i Kultursekken til Møre og Romsdal fylke, og får 5 møte med profesjonelle kunstnarar kvart år. Dette betalast av kommunen med ein sats per elev. I den grad skyss er naudsynt, betalar kommunen for elevane i den offentlege skulen.
- ✓ Som del av Kultursekken får kommunen og tilskot av ca 25 000 årleg frå Møre og Romsdal fylke til å planlegge og gjennomføre lokale kulturtiltak i den kulturelle skulesekken. Inngangsbilletten her er kommunen si innbetaling per elev, og skal desse midlane fordelast på fleire, må Friskulen betale for sine elevar inn til fylket.
- ✓ Besøk ved Midsund Folkebibliotek 1 time kvar veke i regi av norskopplæringa. Samordna med badeskyssen.
- ✓ Symjing ein time kvar veke i symjehallen ved Midsund skule. Det offentlege betalar skyssutgifter for dei elevane som vi mottek statstilskot for.
- ✓ Kommunen reduserer si skade- og personsforsikring i KLP tilsvarende avgang av personale og elevar som går over i den private skulen.
- ✓ Friskulen får overført tilskot til å gje tilbod om frukt- og grønt for sine elevar. Midsund kommune sine utgifter reduserast tilsvarende.

Nærare til søknaden;

I bakgrunn for søknaden hevder søker Midsund Friskule ulike syn som vi ønskjer å kommentere;

- ✓ Skulebygninga ved Raknes skule har etter godkjente nasjonale normer rimeleg med plass, både i klasserom, fellesareal og uteområda.
- ✓ Kommunen sett pris på det dugnadsarbeid velforeining, husmorlag og foreldreutvala gjennom åra har lagt ned i skulen, uteområdet og samarbeidet med skule og kommune uavhengig av vår innstilling til at ein privat aktør skipar friskule.
- ✓ Ei etablering av privat grunnskule vil utarme kommunen og den offentlege skulen i kommunen, då dei økonomiske midlane til fordeling vert fordelt på fleire og ein mister fleksibilitet og samdriftsfordelar i høve tal pedagogar, elevgrupper, skyss, bruk av spesialpedagogar med meir.
- ✓ Fokus på innhald i skulen og forslag til forbetringar i undervisninga med meir kan foreldra få gjennom utvikling av den offentlege skulen gjennom FAU, innspel til lokale tiltak i læreplan og lokalpolitisk verksemd. Eit styrka samarbeid heim-skule, og meir foreldreinitiativ vil vi sette stor pris på og leggje aktivt til rette for.
- ✓ Midsund Friskule føreset i søknaden at dei kan leige skulebygningen frå Midsund kommune til ein årleg symbolsk leige, eller får overta bygningen til ein symbolsk pris. Midsund kommune er ikkje i ein økonomisk situasjon der vi kan subsidiere private aktørar som driv i konkurranse med kommunen sine egne tilbod, og der subsidieringen gjer at konkurranseforholda mellom tiltaka gjer at kommunen sitt eige tilbod kjem dårlegare ut.
- ✓ Bygningen og eigendomen vil berre vere tilgjengeleg for Midsund Friskule ved kjøp til marknadspris, eller ved leige til marknadsleige. Partane må etter nærare avtale avgrense areal som Friskulen ønskjer å leige eller kjøpe.
- ✓ Midsund kommune ser ikkje at Midsund Friskule ved styre og ålmenta som same juridiske person, og vil i vareta dei ulike interesser sine behov gjennom separate avtaler. Ålmenta sin bruk av bygget og området vil verte i vareteke gjennom klausular ved sal eller utleige.
- ✓ Om Midsund Friskule meiner at det ein får ved å skipe denne skulen, skal lesast motsetningsvis som det den offentlege skulen i Midsund ikkje tilbyr i dag, kjenner vi oss ikkje igjen i skildringane.
 - Lærarane i den offentlege skulen følgjer godkjent læreplan, og opptrer ikkje som "vandrande leksikon og bedrevitarar". Dette trur vi søker vil vere einige med oss i, all den tid det er lærarar frå den offentlege skulen dei og skal nytte i si drift.
 - Raknes skule legg til rette for konkrete læresituasjonar, og har satsa mykje over år på å utvikle sitt uteskuletilbod. Borna har svært store høve til å røre seg, og skulen har over fleire år arbeidd aktivt med temaet "mat, kropp og helse", med vekt på sunt kosthald, fysisk aktivitet og helse.
 - Frå skuleåret 2008/ 2009 arbeider Raknes skule med etablering av skulehageanlegg i samarbeid med godkjent pedagog som driv "Grøn omsorg tilbod".
 - I uteskulen, skulehage, tema om "mat, kropp og helse", samt tilstellingar for foreldre ved jul og sommar arbeider elevane på tvers av årstrinna.

- o Søkjar hevder konkurransen vil setje fokus på innhaldet i skulane og truleg føre til forbetringar. Kommunen er redd for at konkurranse om marginale elevkull vil føre til skeiv fordeling av ressursar, der presset i den offentlege skulen vil gjere at elevane her vil bli marginaliserte.
- o Om foreldra ønskjer det og støttar opp om tilbodet, gjev og det offentlege tilbod om sfo, der leksar kan vere ein av fleire aktivitetar etter avtale mellom sfo og foreldra.
- o Vi merkar oss og dei resterande punkt frå søkjar, og kjennar oss ikkje igjen i dei.

Økonomisk konsekvens:

Ved rekning av satsar til private grunnskular for 2008 går det fram at desse bereknast med grunnlag i kostnadene i dei kommunale grunnskolorane, som rapporterast gjennom KOSTRA.

Ein skole med 60 elevar som Midsund Friskule vil få tilskot tilsvarende små skular for dei første 40 elevane og tilskot tilsvarende middel store skular for dei siste 20 etter følgjande tabell;

	Intervall A	Intervall B	Intervall C
	Opptil 40 elevar	41-200 elevar	Over 200 elevar
Barnetrinn	103 180	49 233	67 331
Ungdomstrinn	107 901	51 485	70 411

De faktiske utgifter kommunen har i gjennomsnitt per skole samanliknast med det tilskot kommunen ville fått, om den gjennomsnittlege skulen i kommunen fikk tilskot etter den same modellen som dei private skulane. Dette dannar grunnlag for kommunekorreksjonsfaktoren. Tilskotet til den private grunnskulen vil aukast eller reduserast i høve til kommunekorreksjonsfaktoren i den kommunen friskulen ligg. Denne ordninga fasast ut i løpet av 3 år frå 2008.

Midsund Friskule vil ved ein godkjenning få utbetalt 85 % av dei oppgitte satsane. I satsane er det teke høgde for at skulane får dekt 100 % av pensjonsinntekta, og tilskotet vil bli justert med kommunekorreksjonsfaktoren som i vårt tilfelle er marginalt.

Ved oppstart hausten 2008 vil tala ved elevteljingar hausten 2008 leggjast til grunn. Tala vil då være justert for endringane i den kommunale skulestrukturen, men kostnadstala for 2008 i KOSTRA vil vise mindre enn ein halvårseffekt av det same. Det er difor å rekne med at dei gjennomsnittlege offentlege utgiftene til skule er høgare enn faktiske utgifter hausten 2009.

Samstundes som fleksibilitet i undervisninga og høva til å gje tilpassa opplæring innanfor omprioriteringar i undervisninga for heile eller deler av gruppa vil falle bort.

Reknar ein med full drift på Midøy Friskule og 60 elevar i årstrinna 1. til 7., vil dette gje ei inntekt til Midsund Friskule på ca kr 4 964 000,-. Midsund kommune vert trekt i rammeoverføringane, og her legg ein til grunn ein reduksjon per elev på 58 000, dvs tapte inntekter på kr 3 480 000.

Trekket i rammeoverføring til kommunen er kr 58 000 pr elev. Trekket for elevar i privatskule skuleåret 2007-08, kjem i rammeoverføringa for 2009. Første driftsår med heilårseffekt vert 2010. Ein må rekna at det vil ta nokon år før dei driv med full kapasitet.

Økonomisk inntektsgarantitilskot i kommunens inntektssystem

Ein generell inntektsgarantiordning i inntektssystemet på landsbasis, der kommunane får inntektsutjamning ved større omleggingar eller endringar i oppgåvene basert på landsgjennomsnitt. Det vil ikkje vere endringar i overføringar for Midsund kommune som kan knyttast direkte opp mot bortfallet av rammetilskot ved oppstart av privatskule.

Kommunen sitt ansvar for å samordne og betale for skuleskyss

Etter opplysningar frå Utdanningsdirektoratet er Midsund kommune framleis ansvarleg for all skuleskyss til og frå undervisning også ved ein evt privatskule. Frå saksframlegget ved skulenedlegginga ved Midøy skule går det fram at det er vanskeleg å nytte ordinær bussruter frå alle stader i kommunen, men friskulen har i søknaden sett dette som mogleg i kombinasjon med sfo-tilbod. Om skulen ikkje klarer å organisere dette, vil kommunen få rekninga. Kva kostnad ein skal rekne dette til, er vanskeleg å vite utan dei konkrete elevane, deira bustad og høve til å nytte ordinære ruter.

Konklusjon:

Midsund kommune ser ikkje at det er behov for Midsund Friskule verken skulefagleg, ut frå demografi og folketalsutvikling eller meirverdien av ei alternativ pedagogisk tilbod. Økonomisk vil ei godkjenning av skulen bidra til ein ytterlegare forverra økonomisk situasjon.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Dramatiske kutt i tenesteproduksjonen utover dei kutt som må kome som følge av underskot 2007 på kr 1,2 millionar og underskot 2008 på ca 8 millionar som skal dekkjast inn i drifta i 2009.

Vidare reduksjon i pedagogisk og administrativt tilsette ved Raknes skule tilsvarande ny gruppestorleik. Mindre høve til fleksibel oppdeling av årstrinna og gruppene til å fange opp ulike pedagogiske behov gjennom året og knytt til elevar med særskilde behov. Truleg meir ressursar til assistentar opp mot oppfølging av elevar med einskildvedtak.

Frank Westad
rådmann

Ann-Heidi Paulsen Orvik
rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Søknaden frå Midsund Friskule

Vedlegg (uprenta):

K-sak 08/ 16 Skulestrukturen i Midsund

Særutskrift går til:

Utdanningsdirektoratet, Postboks 2924 Tøyen, 0608 Oslo
Midsund Friskule, 6475 Midsund



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/578-2
Arkiv: 033
Saksbeh: Frank Westad
Dato: 29.10.2008

Saksframlegg

Søknad om permisjon fra verv

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/16	Valnemnda	04.11.2008
08/76	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Ann-Heidi Paulsen Orvik blir fritatt fra vervene som medlem i formannskap, planutval, tiltaksnemnd, valnemnd, administrasjonsutval og kommunestyre i tiden 01.12.08 – 31.05.08.

Behandling i Valnemnda - 04.11.2008

Ann Heidi P. Orvik (AP) stilte spørsmål om sin habilitet.

6 voterande

Ann Heidi P. Orvik (AP) vart samrøystes kjent inhabil

6 voterande

Korrigerering i siste setning:

..... i tiden 01.12.08 – 31.05.09.

Det vart fremma følgjande forslag til tillegg:

I den perioden Ann Heidi P. Orvik (AP) har permisjon frå sine verv i formannskap, planutval, tiltaksnemnd, valnemnd og administrasjonsutval trer Johnny Hagset (AP) inn som 2.varamedlem.

Rådmannen sitt forslag, med korrigerering og tillegg fremma i møtet, vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Valnemnda - 04.11.2008

Ann-Heidi Paulsen Orvik blir fritatt fra vervene som medlem i formannskap, planutval, tiltaksnemnd, valnemnd, administrasjonsutval og kommunestyre i tiden 01.12.08 – 31.05.09.

I den perioden Ann Heidi P. Orvik (AP) har permisjon frå sine verv i formannskap, planutval, tiltaksnemnd, valnemnd og administrasjonsutval trer Johnny Hagset (AP) inn som 2.varamedlem.

Saksutgreiing:

Ann-Heidi Paulsen Orvik har i brev av 24.10.08 søkt om fritak fra vervene som formannskapsrepresentant og kommunestyrerepresentant fra 01.12.08 og i 6 måneder fram i tid.

Orvik begrunner søknaden om fritak med hennes sentrale rolle som rådgiver for rådmannen og at det er få ansatte i rådmannens stab, noe som medfører at hun i større grad enn tidligere vil saksbehandle saker til politisk nivå, og dette oppleves som en uforholdsmessig belastning for henne som medlem av Formannskap og Kommunestyre.

Vurdering

Hjemmel for å behandle søknad om fritak fra politiske verv er kommuneloven § 15 nr 2, som lyder:

Kommunestyret kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.

Det er organet selv - etter en konkret vurdering - som må avgjøre hvorvidt momentene nevnt i Orviks brev oppfyller vilkåret i bestemmelsen om fritak. Når Kommunestyret skal ta stilling til fritaket, må organet vurdere saken ut fra Orviks ståsted, dvs er det en uforholdsmessig belastning for Orvik å være formannskaps/kommunestyrerepresentant samtidig som hun har en sentral stilling i rådmannens stab. Denne opplevde belastningen må avveies mot representantens forpliktelser overfor velgerne, som har stemt henne inn kommunestyret.

Rådmannen vil bemerke at Orvik har en viktig og sentral rolle i rådmannens stab. Hun vil i større grad en før utgreie saker, også overfor politisk nivå. Det blir således vist til kommunelova § 40 nr 3 bokstav b første punktum, som lyder:

Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ.

Idet hun saksbehandler saker på vegne av rådmannen til politisk nivå, blir hun automatisk inhabil. Rådmannen understreker at hun blir inhabil selv om hun ikke er (står som) saksbehandler, så lenge hun har hatt befatning med saken. Det blir veldig upraktisk dersom hun ofte må ha inn vararepresentanter for seg i saker hun har hatt befatning med. Dette har også en kostnads side.

Rådmannen bemerker at denne bestemmelsen praktiseres noe lempeligere enn tidligere, slik at det skal noe mindre til for å få fritak nå.

Rådmannen understreker at det er viktig at kommunen har en forvaltningspleie som er i tråd med hensynet bak forvaltningsloven og kommuneloven.

Et annet moment er viktigheten av å skille den administrative virksomhet med den politiske, og derfor tilstrebe å unngå at ansatte/folkevalgte sitter på begge "sider" samtidig.

Av hensyn til representant Orvik, allmenne hensyn og praktiske/økonomiske hensyn, anbefaler rådmannen at Orviks søknad tas til følge.

Frank Westad
Konstituert rådmann

Vedlegg (prenta): Søknad datert 24.10.08

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Ann Heidi Paulsen Orvik
Valt medlem



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2006/62-18
Arkiv: 233
Saksbeh: Frank Westad
Dato: 06.11.2008

Saksframlegg

God Helse programmet i Midsund - fornying av partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylke

Utvalsak	Utval	Møtedato
	Ungdomsrådet	
08/30	Eldrerådet	10.11.2008
	Kommunalt råd for funksjonshemma	
08/77	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune forlenger avtalen om God Helse med Møre og Romsdal fylke.

Saksutgreiing

Sakshandsaminga tar stilling til om Midsund kommune skal forlenge avtalen om God Helse.

Møre og Romsdal fylke fekk i 2004 status av Sosial- og helsedirektoratet som utviklingsfylke for forebyggjande helse. Dette har fått namnet God Helse-satsinga, og bygginga av partnerskapet: God Helse-partnerskap. Bakgrunnen for satsinga ligg i utgangspunkt i fylket sitt eige planverk og Stortingsmelding 16 (2002-2003), kalla folkehelsemeldinga. I dag er tre fylker med i denne God Helse satsinga. Fylket har tatt på seg koordinatorfunksjonen for førebyggjande helsearbeid, og har invitert kommunane og andre aktørar til partnerskap om eit langsiktig og heilskapleg folkehelsearbeid. Det er oppretta eit eige folkehelseutval med fylkesordføraren som leiar.

Folkehelsearbeid er samfunnet sitt samla innsats for å styrke faktorar som fremmer helse, redusere faktorar som medfører helserisiko og verne mot ytre helsetruslar på desse områda: buhøve, økonomisk tryggleik, arbeidsforhold, skolegang, tilsyn og hjelp pga alder eller helse, ytre miljø/tryggleikrisiko, sosialt liv og livsstil.

Satsingsområda for God Helse, som er samanfallande med folkehelsemeldinga, er: fysisk aktivitet, kosthald, tobakk, rus og psykisk helse.

Midsund kommune har tilsett ein folkehelsekoordinator i 50 % stilling. Oppgåva til koordinatoren er å koordinere ulike tiltak, informere, aktivisere, støtte, følge opp og foreslå tiltak. Tiltaka kan vere innan lag og foreiningar eller innan einingane i Midsund kommune som organisasjon.

Vurdering

Omsyna bak God Helse partnerskapen er gode og det er moderne å fokusere på helse, både privat og i jobbsamanheng.

Følgjande høve er sentrale for å vurdere om ein skal forlenge avtalen:

- A) effekten av God Helse satsinga
- B) forankring i organisasjonen
- C) økonomiske og administrative høve
- D) personalressursar.

- A) Effekten av God Helse satsinga er den meirverdien dette har hatt på folkehelsa for innbyggjarane i Midsund kommune. Kommunestyret kan vurdere dette på eige hand fordi dykk, som innbyggjarar og medlem i ulike lag og foreiningar, naturlegvis er målgruppa for God Helse satsinga. Dei ulike aktivitetane i regi av God Helse har vore fleire og gode (sjå vedlegg). Koordinatoren har gjort ein god jobb.

Det sentrale her er å spørje seg om kva for positive tiltak Midsund kommune kan gå glipp av om kommunen ikkje forlenger avtalen om God Helse? Dette er ikkje helt lett å vere konkret på. Men, ein kan slå fast at det er viktig at Midsund kommune er med på tiltak og initiativ av ideell karakter som er/blir initiert frå fylket. Det kan vel tenkast at nokon av tiltaka likevel hadde kome i stand uavhengig av deltaking i partnerskapen.

- B) Det er viktig at alle tiltak som blir satt i gong har forankring i organisasjonen, særleg når tiltaka kan påverke drifta i einingane. Når kommunen gjekk med i partnerskapen i 2004 mangla forankring hos leiarane. Dette var uheldig fordi einingane også er målgruppe for ulike God Helse aktivitetar. Dette har påverka haldningane til God Helse. I tillegg var det ulik forståing for å prioritere til stillingsressursar til God Helse vart målt opp mot andre behov for stillingsressursar i organisasjonen.
- C) Dei direkte kostnadene knytt til å vere med på partnerskapen utgjer stillingsressursen fråtrekt det årlege bidrag frå fylket. Dette kan ein setje opp slik:

50 % st inkl. sosiale kostnader:	255 000,-
- støtte frå fylket:	<u>125 000,-</u>
Kostnader:	130 000,-

Det er viktig å ha med seg her at som medlem i partnerskapen kan ein få støtte til ulike tiltak.

Om ein ikkje forlenger avtalen, må arbeidsgjevar finne nye oppgåver i staben for koordinatoren. Det blir da eit bortfall av tilskott frå fylket med kr 125 000,-.

Ein rein økonomisk effekt (reduerte lønnskostnadar med kr 130 000,-) vil først skje dersom koordinator vert omplassert bort frå staben. Dette kan føre til at andre tilsette vert omplassert eller bli sagt opp.

Oppsummert kan ein fastslå at dei økonomiske kostnadane med å forlenge avtalen er små.

- D) Midsund kommune har få tilsette i staben samanlikna med andre kommunar. For få. Nivået på talet på tilsette i rådmannen sin stab begynner å nærme seg det uforsvarlege, og ein er svært sårbar ved sjukdom. Rådmannen treng tilsette som kan utføre utgreiing, prosjektarbeid og planlegging for rådmannen, samt gi støtte/rådgjeving til linjeleinga. God Helse koordinatoren, Ann-Heidi Orvik, er einaste saksutgreiar i rådmannen sin stab. Slik personalsituasjonen i staben er no, kan ikkje rådmannen prioritere stillingsressurs til God Helse arbeid. Rådmannen treng difor Orvik til andre oppgåver som blir vurdert som viktigare, og vil såleis fritta Orvik frå arbeidd med God Helse frå årsskiftet. Rådmannen vil derfor finne ein annan person som skal vere God Helse koordinator.

Avtalen om God Helse blir forlenga.

Frank Westad
Konstituert rådmann

Vedlegg (prenta):
Partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylke

Vedlegg (uprenta):
Statusrapport God helse 2007
Avisutklipp frå Bygdebladet "Mange kommunar satsar på god helse", av 4.juni 2008

Særutskrift går til:
Møre og Romsdal fylke V/ God Helse, Fylkeshusa, 6404 Molde



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/573-1

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik

Dato: 28.10.2008

Saksframlegg

Rullering handlingsplan - God helse - idrett og fysisk aktivitet 2008

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/31	Eldrerådet	10.11.2008
	Kommunalt råd for funksjonshemma	
	Ungdomsrådet	
08/78	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gjer følgjande prioritering av tiltak i 2008 i handlingsplan for idrett og fysisk aktivitet ;

Pri.	Tiltak	Totalkostnad	Spelemiddelbeløp
	MIL - Tartandekkje	Kr 5 792 000,-	Kr 1 500 000,-
	Røberg vel – Turnbasseng og kunstgressaktivitetsflate	Kr 400 000,-	Kr 200 000,-
	Rakvåg skyttarlag – bytte til elektroniske skiver på 15 m bana for rekruttar	Kr 400 000,-	Kr 200 000,-
		Kr 4 800 000,-	Kr 2 400 000,-

Saksutgreiing:

Etter plan og bygningslova skal kommunen gjennomføre ei kontinuerleg kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innan sine område. Kommunen må planleggje og samordne si eiga drift og investeringar i eit samarbeid med frivillig sektor. Tiltak skal samordnast og prioriterast med kommunens årsbudsjett og økonomiplan.

God helse plana er ein kommunedelplan etter plan og bygningslova, der plan for idrett og fysisk aktivitet er integrert som eit underkapittel. Gjeldande plan vart godkjent i 2007. Handlingsdelen av denne skal rullerast kvart år, og dannar grunnlag for årlege søknader om statlege spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Midsund.

Handlingsdelen (tiltaka) i de ulike planen er basert både på ønska folkehelseprosjekt og friluftslivsprosjekt kartlagt før planoppstart, og på innmeldte ønskjer og behov undervegs i prosessane. I planprosessen kom det fram følgjande mål;

- ✓ Legge til rette for eit folk i rørsle gjennom utforming av bumiljø, gang- og sykkelstiar, merking og skilting av turstiar, tilgang for allmenta til utmark, fjære, fjell og fiskevatn
- ✓ Styrke informasjon om effektane av moderat fysisk aktivitet
- ✓ Gjere kjent effektane av fysisk aktivitet på psykiske plagar og sjukdom.
- ✓ Skape inkluderande nettverk og aktivitetar for alle som ønskjer å ta del i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- ✓ Sikre at tiltaka vi sett i verk jamnar ut sosiale ulikheitar i helse og høva til å vere fysisk aktiv.
- ✓ Større toleranse for forskjellen som gjer oss alle unike, og som gjer at alle har behov for ulik tilrettelegging for å kunne vere aktiv
- ✓ Betre samarbeidet på tvers av ulike fagmiljø
- ✓ Gjere det tryggare å be om og få hjelp for å kome i aktivitet

Prioriterte tiltak skulle vere;

- Turstiar, parkeringstilhøve ved start/ slutt på turområde/ turstigar osv må bli merka med skilt og på turkart slik at folk finn fram, og ikkje opptrer til sjenanse for grunneigarar eller anna trafikk på staden.
- Nokre turstiar bør få ei slik utforming at rørslehemma kan bruke dei
- Fremje betre samarbeid mellom ulike lag og organisasjonar
- Leggje aktivt til rette for leiarutvikling/ leiarutdanning
- Meir bredde i tilboda for fysisk aktivitet for barn og unge. I større grad sjølvinstruerande aktivitetar gjennom multianlegg, lavterskel aktivitet, aktivitet som ikkje er konkurransebasert
- Vedlikehald av anlegg og aktivitetar
- Integrering og deltaking for funksjonshemma
- Integrering av minoritetsinnbyggjarar, særskilt barn og unge, kvinner
- Informasjon om tilbod og aktivitet
- Kommunalt engasjement, tilskot, drift og kunnskap
- Meir bruk av symjehallen utanom skuletid
- Trening i arbeidstida til førebygging av helseskadar
- Idrett-/kulturskuleutvikling
- Betre tilrettelegging for variert fysisk aktivitet i uteområda til barnehagane og skulane
- Plass for rulleskøyter/ brett
- Betre tilrettelegging for vinteraktivitetar

Vurdering:

I sjølve handlingsdelen av planen er ikkje dei ulike tiltaka prioritert, då lista på plantidspunktet hadde meir form av ønskeliste for framtida, utan sikker forankring og framdriftsplan. I plana

vart det difor lagt opp til ei årleg rullering og prioritering av aktuelle tiltak i samband med sakshandsaming av innkomne spelemiddelsøknader til frist 25.10. kvart år.

I 2008 er det meldt inn tre søknader, der to er nye. Dei nye tiltaka er innanfor spelemiddelordninga til mindre kostnadskrevjande anlegg og nærmiljøanlegg, med kostnadsgrense kr 400 000, derav inntil kr 200 000 kan gjevast som spelemiddeltilskot.

Røberg vel;

Røberg velforeining søkjar om kr 200 000 i spelemidlar til utvikling av friområde med turnbasseng og kunstgress aktivitetsflate i det nye bustadfeltet på Røberg.

Aktivitetane skal gje eigeninitiert leik- og spel plass for born og unge i alle aldrar. Friområdet er plassert sentralt i det nye bustadfeltet, og det vil i løpet av få år vere mykje folk som soknar til friområdet. Plasseringa sentralt i feltet tek omsyn til aktivitetsradius for brukarar i ulik alder, frå dei minste med 50 m frå heimen til eldre born frå Aksla/ Ugelvik/ Hamna som vil finne anlegget interessant å bruke.

Rakvåg skyttarlag;

Rakvåg skyttarlag søkjer om inntil kr 200 000 i spelemidlar til ombygging av 15 meters bana frå papirskiver til elektroniske skiver. Denne bana blir i hovudsak nytta av rekruttane.

Midsund IL, tartandekke sentralidrettsanlegget;

Midsund IL fekk i 2008 ikkje støtte for sin søknad om spelemidlar til legging av tartan på sentralidrettsanlegget. Denne søknaden står difor ved lag også i år. Søknadsbeløp kr 1 500 000. Brukarane av dette anlegget er skulen, og barn og vaksne med interesse for friidrett. Anlegget ble tatt i bruk i sommar, og er ferdig og i bruk.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Folkehelsekonsekvensar:

Turnbasseng og aktivitetsflate sentralt i Røberg byggefelt er det tiltaket som best møter barn og unge sine behov for eigeninitiert aktivitet i eget nærområde, og som er mest i samsvar med målsetjingar i plana og prioriterte tiltak.

Søknaden frå Rakvåg skyttarlag om ombygging av 15 m bana frå papir til elektroniske skiver møter behova hos skytteinteresserte unge, og legg gjennom dette til rette for skyting som eigenaktivitet og som grunnlag for jakt og friluftsinnterese generelt. Dette anlegget kostar likevel meir, og aktiviteten er avhengig å skje med vaksne leiarar til stade. Det er difor ikkje ein lavterskel aktivitet.

Midsund IL sine investeringar i tartandekke og oppgraderinga av friidrettsfasilitetane ved sentralidrettsanlegget har lagt bredt til rette for at barn, unge og vaksne i alle aldrar skal kunne utvikle sine friidrettsferdigheitar på ein sær god måte. Anlegget ligg opent og tilgjengeleg heile døgnet, og MIL utdannar instruktørar som vil gje tilbod direkte mot barn og unge som å auke friidrettsmiljøet lokalt. Investeringskostnaden er svært stor, og kan berre forsvarast gjennom mange nye brukarar av anlegget.

Frank Westad
konstituert rådmann

Ann-Heidi Paulsen Orvik
rådgjevar

Vedlegg (prenta): Handlingsplan God helse - idrett og fysisk aktivitet 2009

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Helse

Arkivsak: 2008/356-1

Arkiv:

Saksbeh: Hans Christian
Myklestul

Dato: 12.06.2008

Saksframlegg

Normering av legetjenester ved Midsund Sykehjem

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/64	Formannskapet	04.11.2008
08/32	Eldrerådet	10.11.2008
08/79	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Øke timetallet på legetilsyn ved Midsund Sjukeheim fra 5 til 8 timer i uken fra 150808

Behandling i Formannskapet - 04.11.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 04.11.2008

Øke timetallet på legetilsyn ved Midsund Sjukeheim fra 5 til 8 timer i uken fra 150808

Saksutgreiing:

Stortinget ønsket med St. meld. 25 (2005-2006) å fokusere på et bedret tilbud mot framtidens omsorgsutfordring. Dette for å komme eldrebølgen i møte. I denne samt St. prp. 1 (2006-2007) blir det påpekt at legedekningen er for lav ved norske sykehjem, og at det er et behov for en økning av legetjenester ved norske sykehjem på 50% samt en forsterking av kvaliteten på legetjenesten. En styrking av legetjenesten er nødvendig av flere årsaker. For det

første har sykehjempasienter flere og komplekse helseproblemer. Det er anslått et nærmere 80% av beboere på norske sykehjem har en demens diagnose. Videre stiller kravet om kortere liggetid ved sykehus, økt vektlegging på av korttids- og rehabiliteringsopphold og styrking av palliativ behandling større krav til medisinsk faglig kompetanse i sykehjem. Sosial- og Helsedirektoratets kartlegging i 2005 viste en gjennomsnittdekning av legetjenester på sykehjem til 0,27 timer per pasient per uke per beboer. Midsund kommune hadde og har en dekning på 0,18.

Behovet for hjemme- og sykehjemstjenester er hjemlet i kommunehelsetjenesteloven §§ 1-1 og 1-3. I sykehjem er kommunen videre forpliktet til å ha en organisert legetjeneste, jfr Forskrift om Sykehjem og bolig med heledøgnsomsorg og -pleie § 2-1 første ledd. Midsund Sykehjem har 28 beboere. Disse er fordelt på tre avdelinger, Havstua, Fjellstua og Solstua. Solstua er en skjermet avdeling for demente og har i dag 10 beboere på langtidsopphold. På Havstua og Fjellstua er det beboere med somatiske lidelse. Her bor det til sammen 18 beboere, hvorav to av plassene per i dag er korttidsplasser. I perioder har det vært operert med inntil fire korttidsplasser hvis behovet tilsier dette. Det er ingen rom avsatt for rene rehabiliterings- og/eller palliative opphold. Rommene ved Midsund sykehjem brukes etter behovet til beboeren. Det betyr at pasienter med behov for rehabilitering eller palliativ pleie får dette tilrettelagt for seg. Gjennomsnittsbeboeren ved Solstua har 3,3 kroniske diagnoser. Ved Havstua og Fjellstua er tallet 3,4 kroniske diagnoser. Behovet for legetjenester og –kompetanse varierer med sammensetningen av beboerne på Midsund sykehjem.

I Midsund kommune er kommunelege II tilsynslege ved Midsund sykehjem og denne oppgaven er i dag normert til 5 timer per uke. Oppgavene til tilsynslegen er todelt. På institusjonsnivå er det forventet at denne medvirker i utformingen av prosedyrer vedrørende medisinsk faglige oppgaver, herunder rutiner knyttet til legetjenesten ved sykehjemmet, etiske og juridiske retningslinjer, legemiddelrutiner, journalrutiner samt internundervisning. På individnivå er det snakk om undersøkelse, diagnose og behandling. Til dette er det et krav om journalføring i form av innkomstjournal og behandlingsplan, løpende journal, ordinerer av legemiddel samt henvisning ved behov. Videre er det ved Midsund sykehjem et mål at alle pasienter en gang årlig får en komplett helsesjekk fra tilsynslege. Dette som ledd i kvalitetssikringen av oppfølgingen hos pasientene på sykehjemmet. Til sist står tilsynslegen som koordinator mellom legetjenesten ved sykehjemmet og spesialisthelsetjenesten.

Tilsynet ved Midsund Sykehjem foregår ved ukentlig visitt på omtrent 4 timer hver tirsdag og ellers ved behov. Previsitt tar inntil 30 minutter per avdeling, før visitt utføres. Kun pasienter med behov for tilsyn tilsees. Etter visitt skal tilsynslege føre journalnotat i elektronisk journal, føre innkomst- og utreisenotat på pasienter med korttidsopphold, møte pårørende, delta i intern undervisning med mer. Skulle det oppstå et behov for øyeblikkelig hjelp, tilkalles tilsynslege i legekantorets kontortid og legevakt på kveld og helg. Per i dag har ikke tilsynslegen eget kontor ved Midsund Sykehjem. Det er ikke samkjøring av journalsystem på legekantoret og sykehjemmet. Beboerne ved Midsund sykehjem benytter seg av laboratoriet, diagnostiske og terapeutiske hjelpemiddel ved Midsund Legekantor.

Legeforeningen anbefaler legebehovet ved norske sykehjem til å være 1 uketimer per 3 langtidsplasser, 1,5 uketimer per korttids plass, 1 uketimer per 2 plasser i spesialavdelinger for demente med atferdsproblemer og økt timeantall ved rehabiliterings- og palliative opphold. Videre bør 40% av tiden være ubundet, og tilgjengelig ved behov. Tid til forskning er ønsket. For Midsund Sykehjem innebærer dette:

• 16 langtidsbeboere på somatisk avdeling:	5 timer/uke
• 10 beboere på demensavdeling:	5 timer/uke
• 2 beboere på korttidsopphold:	3 timer/uke
Totalt	13 timer/uke

I perioder med rehabilitering og/eller palliativ pleie vil behovet for legetilsyn være større. Til dette hører det blant annet med at det var 14 dødsfall på Midsund Sykehjem i fjor. Hittil i år har

det vært dødsfall samt et tilfelle med sammensatt rehabiliteringsbehov. Det bemerkes at dette er en tilråding fra Legeforeningen og ikke et absolutt krav fra sentrale helsemyndigheter.

Vurdering og tiltak:

Midsund kommune er en liten kommune med fleksibilitet på legetjenesten som en av våre styrker. Tidligere har det vært et udekt behov for legetjenester, som langt på vei har vært dekt opp ved hjelp av en fleksibel og oppofrende kommunelege II. Dette har vært et gode for beboerne på Midsund Sykehjem, deres pårørende, personalet ved sykehjemmet samt kommunen som har mottatt en tjeneste ut over det denne har vært normert til. Midsund kommune vil motta medisinsk kandidat fra og med 180808. Denne skal jfr Forskrift om turnustjeneste for medisinske kandidater samt sentrale avtaleverk utføre allmennmedisinske og samfunnsmedisinske oppgaver. Denne vil få ukentlig tilsynsansvar ved Midsund Sykehjem svarende til fire timer per uke. Kommunelege II vil få sin tilsynstid redusert fra fem til fire per uke, men vil fortsatt ha ansvaret for legetilsynet ved Midsund sykehjem. Med dette tiltaket vil legetilsynet ved Midsund sykehjem økes fra 5 timer i uken til 8 timer i uken. Hvorvidt dette er tilstrekkelig vil bli vurdert.

Det er videre ugunstig at tilsynslege ikke har eget kontor ved Midsund sykehjem, da et kontor er en skjermet omgivelse for samtaler med beboere, pårørende og øvrig helsepersonell i første og andrelinjetjenesten. Eget kontor for tilsynslege ville videre legge til rette slik at denne uforstyrret kan føre pasientenes journal, og vil kun bedre kvaliteten på journalarbeidet. En samkjøring av aktuelle journalsystem vil videre bedre dette. Utbedring av dette problemet er underveis.

Økonomiske og administrative konsekvenser:

Ingen

Frank Westad
Konstituert rådmann

Hans Christian Myklestul
Kommunelege I

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Stortingsmelding 25 2005-2006

Stortingsproposisjon 1 2007

Rundskriv nr I-4/2007

Kommunehelsetjenesteloven

Pasientrettighetsloven

Forskrift om sykehjem

Bemanningsnorm i sykehjem

Turnuslegeforskriften

Rammeavtale mellom Kommunenes Sentralforbund (KS) og Den norske lægeforening om allmennlegepraksis i fastlegeordningen i kommunene

Sentral forbundsvis særavtale mellom KS og Den norske lægeforening om vilkår for leger og turnusleger i kommunehelsetjenesten med arbeidsavtale, herunder leger i fastlegeordningen



Saksframlegg

Gebyrregulativ for kart- og oppmålingsarbeid 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/57	Formannskapet	04.11.2008
08/80	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Gebyrregulativ for kart- og oppmålingsarbeid vert auka med 4,5 % frå 2008 til 2009, jf. vedlagde oppdaterte satsar datert 21.10.2008.

Behandling i Formannskapet - 04.11.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 04.11.2008

Gebyrregulativ for kart- og oppmålingsarbeid vert auka med 4,5 % frå 2008 til 2009, jf. vedlagde oppdaterte satsar datert 21.10.2008.

Saksutgreiing:

Midsund kommune har brukar deflatoren til KS på 4,5 %. Gebyrinntektene blir oppjustert med veksten i deflatoren på 4,5 %.

Det vert lagt fram eit forslag om å auke gebyr for kart- og oppmålingsarbeid med 4,5 % frå 2008 til 2009. Forslag til nye satsar følgjer som prenta vedlegg.

Det er elles ikkje lagt opp til andre endringar i gebyrregulativet.

Vurdering:

Eg vil rå til at dei oppdaterte gebyrsatsane for kart- og oppmålingsarbeid for 2009 blir vedteke slik dei ligg føre.

Frank Westad
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Gebyrregulativ for kart- og oppmålingsarbeid 2009

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/563-1

Arkiv:

Saksbeh: Inge Rakvåg

Dato: 22.10.2008

Saksframlegg

Gebyrregulativ for vatn og avløp - godkjenning - 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/25	Eldrerådet	10.11.2008
08/58	Formannskapet	04.11.2008
08/81	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Med heimel i "Lov av 31.mai 1974 nr. 17 om kommunale vass – og kloakkavgifter og Kap. 11 i Forskrift om begrenning av forurensing (forurensingsforskriften) fastsatt 01.06.2004 og Forskrift om vass – og avløpsgebyr i Midsund kommune" blir gebyrregulativ for vatn og avløp 2008 (datert 02.06.08) vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet - 04.11.2008

Forslag til korrigering i siste setning:

.....*blir gebyrregulativ for vatn og avløp 2009 vedteke slik det ligg føre.*

Forslag til vedtak med korrigering av siste setning, samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 04.11.2008

Med heimel i "Lov av 31.mai 1974 nr. 17 om kommunale vass – og kloakkavgifter og Kap. 11 i Forskrift om begrenning av forurensing (forurensingsforskriften) fastsatt 01.06.2004 og Forskrift om vass – og avløpsgebyr i Midsund kommune" blir gebyrregulativ for vatn og avløp 2009 vedteke slik det ligg føre.

Saksutgreiing:

Gebyret for vatn og avløp (VA) blei nedsett i 2008 og inndekninga skulle takast frå avsette bundne fond for vatn og avløp.

I rekneskapen for kommunalt vassverk pr. 23.10.08 ser det ut som at beløpet på kr. 500.000 frå vassfondet ikkje blir heilt oppbrukt.

Etter budsjettet for 2008 skal fondet til kommunalt vassverk vere på kr. 377.991

I rekneskapen for kommunalt avløp pr. 23.10.08 ser det ut som at beløpet på kr. 700.000 frå avløpsfondet ikkje blir heilt oppbrukt.

Etter budsjettet for 2008 skal fondet til kommunale avløp vere på kr. 428.112

VA fond pr. 31.12.07

Tekst/år	2004	2005	2006	2007	Sum pr. 31.12.07
Vatn	-144 266	-273 807	-322 762	-137 156	-877 991
Avløp	-193 647	-389 002	-196 940	-348 523	-1 128 112

Vurdering:

Teknisk saman med økonomi far gått igjennom henførbare kostnader, og tatt dei med.

Vatn:

Bruk av fond er sett til kr. 400.000,-

Dette gjev ein pris på 4,0 kr/m³.

Abonnementsprisen er auka med 4,5 % som er den generelle auken i 2009 til kr. 1568,- for ein bustad.

Vatn - økonomiplan 2009 - 2012

Grunnlag for fastsetting av vassgebyr 2009

Alle beløp i 1000 kr	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Investeringar						
Investering i nye anlegg	39	300	300	300	300	300
Reinvestering	0	0	0	0	0	0
Sum investeringar	39	300	300	300	300	300
Kostnader						
Indirekte henførb. kostnader	291	211	311	311	311	311
Drifts- og vedlikehaldsutgifter	423	781	652	681	712	744
Sum kapitalkostnader	468	517	547	559	572	584
Brutto årskostnader	1 182	1 509	1 510	1 551	1 595	1 639
Sjølvkostberekning	1 182	1 509	1 510	1 551	1 595	1 639

Inntekter

Årsgebyr	1 240	909	1 010	1 055	1 103	1 153
Tilknytingsgebyr	79	100	100	50	50	50
Sum gebyrinntekter	1 319	1 009	1 110	1 105	1 153	1 203
Andre inntekter	0	0	0	0	0	0
Sum inntekter	1 319	1 009	1 110	1 105	1 153	1 203

Sjølvcostfond

Avsetning til fond / bruk av fond (+/-)	137	-500	-400	-61	-5	-1
Sjølvcostfond etter årets endring	878	378	31	0	0	0
Renteberegning sjølvcostfond	0	53	30	5	0	0
Saldo sjølvcostfond	878	431	61	5	1	0

Dekningsgrad avløpsgebyr	100 %	100 %	100 %	75 %	73 %	73 %
---------------------------------	--------------	--------------	--------------	-------------	-------------	-------------

Årsgebyr - satsar

Mengdevariabelt gebyr kr/m ³	7,36	4,00	4,00	4,18	4,37	4,56
Abbonementsgebyr bustad kr/ år	1 500	1 500	1 568	1 638	1 712	1 789

Kontrolltal		0	0	0	385	437	435
-------------	--	---	---	---	-----	-----	-----

Når ein les sjølvcostbudsjettet ser ein at på sikt må gebyra aukast eller aktiviteten ned, dette ser ein betre når vi får rekneskapan for 2008.

Avløp:

Bruk av fond er sett til kr. 491.000,-

Dette gjev ein pris på 5,5 kr/m³.

Abbonementsprisen er auka med 4,5 % som er den generelle auken i 2009 til kr. 1884,- for ein bustad.

Avløp - økonomiplan 2009 - 2012

Grunnlag for fastsetting av avløpsgebyr 2009

Alle beløp i 1000 kr	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Investeringar						
Investering i nye anlegg	2	700	700	500	500	500
Reinvestering	0	0	0	0	0	0
Sum investeringar	2	700	700	500	500	500
Kostnader						
Indirekte henførb. kostnader	263	194	317	331	346	362
Drifts- og vedlikehaldsutgifter	254	710	615	615	615	615
Sum kapitalkostnader	501	502	611	664	696	728
Brutto årskostnader	1 018	1 406	1 543	1 610	1 657	1 705
Sjølvcostberegning	1 018	1 406	1 543	1 610	1 657	1 705
Inntekter						
Årsgebyr	1 176	653	998	1 043	1 090	1 139
Tilknytingsgebyr	191	53	54	50	50	50
Sum gebyrinntekter	1 367	706	1 052	1 093	1 140	1 189
Andre inntekter	0	0	0	0	0	0
Sum inntekter	1 367	706	1 052	1 093	1 140	1 189
Sjølvcostfond						
Avsetning til fond / bruk av fond (+/-)	349	-700	-491	-40	-3	0
Sjølvcostfond etter årets endring	1 128	428	5	-1	0	0
Renteberegning sjølvcostfond	0	68	35	4	0	0
Saldo sjølvcostfond	1 128	496	39	3	0	0
Dekningsgrad avløpsgebyr	100 %	100 %	100 %	70 %	69 %	70 %

Årsgebyr - satsar

Mengdevariabelt gebyr kr/m ³	11,20	5,50	5,50	5,75	6,01	6,28
Abbonnementsgebyr bustad kr/ år	1 803	1 803	1 884	1 969	2 058	2 150
Kontrolltal	0	0	0	477	514	516

Når ein les sjølvkostbudsjettet ser ein at på sikt må gebyra aukast eller aktiviteten ned, dette ser ein betre når vi får rekneskapen for 2008.

For vatn og avløp

Tidlegare har det ikkje vore rekna renter av inneståande på bundne fond, frå og med 2008 blir renteinntektene lagt til fondet. Dette er ein del av sjølvkostrekneskapen. Dette er med på å lage eit positivt resultat for 2008.

Leige av vassmålar blir auka frå kr. 190 til kr. 200 pr år.

Sjå vedlagt Gebyrregulativ.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

VA har eige rekneskap.

Frank Westad
Konstituert rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Gebyrregulativ for VA 2009

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Økonomi og teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/571-2
Arkiv:
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 28.10.2008

Saksframlegg

Gebyrregulativ byggjesaksbehandling 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/59	Formannskapet	04.11.2008
08/82	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 109, blir Gebyrregulativ for byggesaksbehandling 2009 godkjend slik dei ligg føre, jf. vedlagde oppdaterte satsar.

Behandling i Formannskapet - 04.11.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 04.11.2008

Med heimel i Plan- og bygningslova § 109, blir Gebyrregulativ for byggesaksbehandling 2009 godkjend slik dei ligg føre, jf. vedlagde oppdaterte satsar.

Saksutgreiing:

Det blir lagt fram forslag om å auke satsane for byggesaksbehandling med 4,5 % frå 2008 til 2009. Forslag til nye satsar følgjer med som prenta vedlegg.

Det er gjort ei forandring i prisgrunnlaget, det har komme inn ein ny post under punkt 20: Sal av kvalitetssikra info til profesjonelle brukarar, t.d. eigedomsmeklarar – Gardsbruk med ein pris på kr. 1739. Dette fordi det er tidskrevjande å leite fram info til eigedomsmeklar.

Kommunane har ikkje høve til å ta gebyr for klagebehandling og generell publikumskontakt/service.

Vurdering:

Gebyrregulativ som ble vedtatt for 2007 ble utarbeidet etter mal frå nettverksgruppa for byggesaker i Romsdalsregionen.

Prisane for Midsund kommune ligg difor innafor same storleik som dei andre kommunane i regionen.

Regjeringa anslår reelt uendra gebyrinntekter 2008 til 2009
(gebyrinntektene oppjusterast med veksten i deflatoren, dvs. 4,5 %)

Med dette som bakgrunn tilrår eg at gebyrregulativet for byggesaksbehandling 2009 blir godkjent slik det føreligg.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:
Som vist i Gebyrregulativet**

Frank Westad
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Gebyrregulativ

Vedlegg (uprenta):Mappe

Særutskrift går til: Økonomi, Teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2008/575-1
Arkiv: 231
Saksbeh: Oddny Grete Gangstad
Dato: 28.10.2008

Saksframlegg

Gebyr for feieteneste 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/26	Eldrerådet	10.11.2008
08/60	Formannskapet	04.11.2008
08/83	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Med heimel i forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn vert det fremja forslag om følgjande gebyr for feieteneste 2009:

For feiing annakvart år og for tilsyn kvart fjerde år, skal det årleg betalast slikt gebyr ekskl. mva:

- a. vanlege skorsteinsløp (piper) Kr. 349,50 pr. pipe
- b. fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesialskorsteiner og anna arbeid utført av feievesenet, timesats kr. 578,-

Behandling i Formannskapet - 04.11.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 04.11.2008

Med heimel i forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn vert det fremja forslag om følgjande gebyr for feieteneste 2009:

For feiing annakvart år og for tilsyn kvart fjerde år, skal det årleg betalast slikt gebyr

ekskl. mva:

- a. vanlege skorsteinsløp (pipe) Kr. 349,50 pr. pipe
- b. fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesialskorsteiner og anna arbeid utført av feievesenet, timesats kr. 578,-

Saksutgreiing:

Midsund kommune har i fleire år hatt samarbeidsavtale med Molde kommune for å sikre at vi har ei tilfredsstillande feieteneste. Avtalen er basert på dei krav som følgjer av lov om brannvern § 1 h og forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn.

Sjølv om det ikkje vert feia kvart år, skal gebyret vere eit årleg gebyr. Dette grunna dei ekstra ressursar utføring av tilsyn medfører. Eit tilsyn er normalt mykje meir tidkrevjande enn ordinær feiing.

Vurdering:

Midsund kommune har om lag 772 pipe som blir feia. Feiegebyret skal dekkje kostnadane til Molde kommune og driftskostnadane ved tekniske tenester. Gebyret for 2008 er på kr. 399,- for feiing av eit vanleg skorsteinsløp (pipe). Etter avtalen med Molde kommune skal prisen for feiing pr. pipe frå Molde kommune indeksregulerast 1. mai kvart år. Vi foreslår difor ein løns- og prisvekst på om lag 6% som er same prosent som Molde kommune har brukt.

Med bakgrunn i ovannemnde, vil eg rå til at følgjande feiegebyr vert fastsett for 2009:

For feiing annakvart år og for tilsyn kvart fjerde år, skal det årleg betalast slikt gebyr ekskl. mva:

- a. vanlege skorsteinsløp (pipe) Kr. 349,50 pr. pipe
- b. fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesialskorsteiner og anna arbeid utført av feievesenet, timesats kr. 578,-. *(Beløpet vert direktefakturert frå Molde kommune.)*

Frank Westad
konst. rådmann

Oddny Grete Gangstad
saksbehandler

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Økonomiavdelinga
Molde brann – og redningsavdeling



Midsund kommune
Midsund sjukeheim

Arkivsak: 2008/577-1

Arkiv:

Saksbeh: Unn Stølen Ugelvik

Dato: 28.10.2008

Saksframlegg

Eigenbetaling for korttidsplass, dag- eller nattopphald samt langtidsplass ved institusjonen -2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/27	Eldrerådet	10.11.2008
08/62	Formannskapet	04.11.2008
08/84	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Midsund kommune vedtek følgjande satsar for opphald i institusjon for 2009:

1. Dag- eller nattplass kr.59.-
2. Døgnopphald under 60 dagar kr. 118.-
3. Døgnopphald utover 60 dagar legg ein til grunn satsane for vederlag for langtidsplass i institusjon.

Behandling i Formannskapet - 04.11.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 04.11.2008

Midsund kommune vedtek følgjande satsar for opphald i institusjon for 2009:

1. Dag- eller nattplass kr.59.-
2. Døgnopphald under 60 dagar kr. 118.-
3. Døgnopphald utover 60 dagar legg ein til grunn satsane for vederlag for langtidsplass i institusjon.

Saksutgreiing:

Kommunen har høve til å krevje vederlag for opphald i institusjon. Dette gjeld både korttidsplass, dagplass og langtidsplass. Satsane blir fastsett sentralt i eiga forskrift. For korttidsplass(under 60 dagar) og dagplass er det faste satsar uavhengig av inntekt/pensjon.

Kommunen står fritt til å leggje lågare satsar, men kan ikkje vedta satsar som er over fastsett sats sentralt. Det har ikkje kome signal på at satsane blir justert i 2009. Opphald utover 60 dagar blir berekna ut frå pensjon/inntekt.

Vurdering:

Med bakgrunn i kommunen sin økonomi er det ikkje tilrådeleg å føreslå lågare satsar enn forskrifta tillet.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Kommunen kan ikkje berekne inntektsauke for 2009 på dag – eller nattplass samt døgnopphald under 60 dagar.

Folketrygda justerar satsane 01.05 kvart år. Det blir lagt inn 3% auke i høve opphald utover 60 dagar.

Frank Westad
Konstituert rådmann

Unn Stølen Ugelvik
Einingsleiar Midsund sjukeheim

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Rundskriv I – 4/2001

Eigenbetaling for korttidsplass og dag- eller nattopphald i institusjon - 2008

Særutskrift går til:

Midsund sjukeheim

Økonomiavdelinga

Eva Tangen – pleie- og omsorgsavdelinga



Midsund kommune
Midsund sjukeheim

Arkivsak: 2008/579-1

Arkiv:

Saksbeh: Unn Stølen Ugelvik

Dato: 29.10.2008

Saksframlegg

Betaling for matombringing og kjøp av mat ved Midsund Sjukeheim - 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/28	Eldrerådet	10.11.2008
08/63	Formannskapet	04.11.2008
08/85	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

1. Ved kjøp av frukost og kveldsmat på Midsund sjukeheim betalar ein kr. 23.-
2. Ved kjøp av middag på Midsund sjukeheim betalar ein kr. 53.-/ for graut kr.28.-
3. Ved kjøp av ettermiddagskaffi betalar ein kr. 17.-
4. Ved matombringing (middag) frå Midsund sjukeheim betalar ein kr.58.-/ for graut kr.30.50-

Behandling i Formannskapet - 04.11.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Formannskapet - 04.11.2008

1. Ved kjøp av frukost og kveldsmat på Midsund sjukeheim betalar ein kr. 23.-
2. Ved kjøp av middag på Midsund sjukeheim betalar ein kr. 53.-/ for graut kr.28.-
3. Ved kjøp av ettermiddagskaffi betalar ein kr. 17.-
4. Ved matombringing (middag) frå Midsund sjukeheim betalar ein kr.58.-/ for graut kr.30.50-

Saksutgreiing:

Kjøp av mat ved Midsund sjukeheim er eit godt tilbod til eldre og andre som har vanskar med å lage seg mat. Eit utbygd tilbod om matombringning er eit av fleire tiltak for at eldre og uføre kan bu lenger heime. Ordninga er i nært samarbeid med hjelpeapparatet, frivillige og lag/organisasjonar. Kommunen betalar skyssutgiftene til dei som bringar ut maten.

Vurdering:

Matombringning er ikkje ei lovpålagt oppgåve. Kven som får tilbod er ei vurdering i samråd med den det gjeld , kjøkkenet og heimetenesta. Det blir fatta enkeltvedtak. Kjøkkenet har maks kapasitet på 75 middagar dagleg ut frå dei personalressursane vi har til rådighet.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Prisane er justert med kr. 2.-. Bakgrunn for prisauken er dyrare råvarer og tenester.

Vi kan ikkje selje mat under sjølvkost, dersom vi skal kunne tilby denne tenesta til heimebuande framover. Ferdiglaga mat frå sjukeheimen er billeg samanlikna med kva ein må betale dersom ein ordnar seg sjølv.

Frank Westad
Konstituert rådmann

Unn Stølen Ugelvik
Einingsleiar Midsund sjukeheim

Vedlegg (prenta):**Vedlegg (uprenta):**

Betaling for matombringning og kjøp av mat ved Midsund Sjukeheim.

Særutskrift går til:

Sjukeheimen
Else Veseth / sjukeheimen
Heimetenesta
Økonomiavdelinga.



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/496-8
Arkiv: 411
Saksbeh: Frank Westad
Dato: 06.11.2008

Saksframlegg

Tilsetting av rådmann i Midsund kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/86	Kommunestyret	13.11.2008

Forslag til vedtak:

Geir Göncz blir tilsett som rådmann i Midsund kommune.

Saksutgreiing:

Notat i tilsetjingssaka vert lagt fram i møte.

Frank Westad
Konstituert rådmann

Særutskrift går til: